

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 10.05.2016

YMSE

Rektor Tor Johannes Hjertnes ønskte styret velkommen til skulen og orienterte kort om stoda. Styret vart også vist rundt på skuleområdet.

Økonomi.

Styret ber fagskulane leggja fram detaljert økonomisk oversikt for fagskulane på styremøtet i september.

Framtidig investeringsbehov.

Styret ber administrasjonen leggja fram framtidig investeringsbehov for dei tre fagskulane.

Nasjonal kompetansegruppe.

FFU (Forum for fylkesutdanningssjefar) har oppnemnd rådgjevar Adeline Landro som eitt av tre medlemmer i ei nasjonal kompetansegruppe som skal sjå på forvaltning og eigarskap til fagskulane.

Reguleringsplan Nedre Nygård.

Styret ber administrasjonen leggja fram status vedk. ovannemde reguleringsplan på styremøtet i september.

2 saker frå Bergen maritime fagskole:

- a) Rektor ber styreleiar ta opp med eigedomseksjonen eventuell dekning av kostnader i samband med flytting til E-blokka.
- b) Rektor viste til forslag vedk. Bergen maritime vgs og Rubbestadnes vgs i Skulebruksplanen som no skal ut på høyring, der konsekvensane vil vera manglande rekrutteringsgrunnlag til Bergen maritime fagskole.